

KVIFOR BØR DU VERA MED.

- Interessante foredrag
- Underhaldning
- Ei mengd gode tips
- Hemmelege vatn(?)
- Utstyrleverandørar
- Treffe likesinna
- Utveksle erfaringar
- Få svar på spørsmål
- Læra meir
- Fiska
- Ha det "kjekt"

Hugs:
"Salmo trutta blir du ikkje trøtt a"



Kjem du på arrangementet,
skal du få vita kor denne fine
fisen på kiloen vart teken.

ARRANGØRAR:

Jarle Gjerde
Jan Terje Rafdal
Håvard Kambo
Albert Rafdal

Arrangementet er støttet av Etne Jeger og Fisk.

**Ulike utstyrleverandørar vil visa kva dei har,
men me har ikkje klar liste over kven som kjem
enda. Følg med på www.fjellørret.no for
oppdatert liste.**

Prisar:

Fredagen:	kr.100,-
Laurdagen	kr: 300,-
Lunch	kr: 200,-
Søndagen vert det fisking, og her er det berre evt. fiskekorta som kostar.	


For påmelding:

Send e-post til:

firmapost@rafdal-vapen.no

Eller ring: 913 84 864 (Albert)

"Feel-good" Fiskehelg



28.—30.5.2010
FUGL FØNIX HOTEL



www.fjellørret.no

Kort ned på ventetida!

Alle som er interesserte i fiske, og som ikkje allereie er påmelde til turnhelga i Etne, bør setje av denne helga til ein tjuvstart på fiskesesongen. Me har spanande föredragshaldarar med varierte tema.



Målet er å ha det kjekt, pirre sansane og læra noko nytt og nyttig, samstundes som me kortar ned på ventetida.

Fredag og laurdag har me föredrag og ulike innslag, medan me på søndagen satsar på å setje teorien ut i praksis. Me skal fiska! Alle dei som ynskjer å fiska skal få høve til dette. Då vil det vera råd å velje mellom mange ulike former for fiske. Dei som vil fiske i fjorden, kan sjølvsgåt det, me har ferskvannsfiske i Stordalsvatnet og fjellfiske på Strype og andre lågarelig gjande fjellområde. Me har også fått høve til å fiske etter brunaure i Etneelva frå Vassenden ned til Håfoss.

Laurdagen serverer me lunch garantert fri for oppdrettsfisk, men forhåpentlegvis med fisk like fullt.

Program for fredagskvelden.

KI.19.30 På Fugl Fønix Hotel i Etne

Eirik Reinsnos:

Eirik tek oss med på fiske etter brunaure i inn- og utland. Flugestanga er førstevalet, men for Eirik som til dagleg jobbar som selgar for Nordic Outdoor, er det vel og eit must å måtta bruka anna reidskap.

KI.21.00

Me fyrrer kvarandre opp med lyg og skryt. Forhåpentlegvis er det ikkje berre "gin clear rivers" me kan snakka om, men kanskje også "gin clear" gin.

Program for laurdagen.

KI.10.00

Vidar Lunde:

Vidar Lunde er kjent for mange som ivrig fiskar, fiskebiolog og fotograf av rang. Han har just kome ut med eiga bok om hjorten, som er hans andre store lidenskap.

Vidar skal vise oss aurefiske i Suldal, sjøaure i Lærdal samt laks i Suldalslågen. (www.suldalfoto.no)

KI.11.30

Lokale folk røper hemmelege vatn og teknikkar:

Arrangørane vil på uhøgtideleg vis gi glimt inn i fiske i Etne, sett frå deira ståstad.

KI.13.00 Lunch

Her vert det villfisk og andre raritetar komponert av kunstnaren Jan Terje Rafdal.

KI.14.00

Norges Trollingforbund: v/ Per Olav Kristiansen

Trolling har fått eit bra fotfeste på Austlandet. Dei store innsjøane der er velegna, men me har stor aure i bl.a. Stordalsvatnet, så info om dette kan bli rett så spanande. (www.trollingfiske.org)

KI. 15.30

Utstyrleverandørar får skryte over nyheitene dei meinar me bør kikke nærmare på.

Me tek sikte på å loddle ut flotte premiar som passar for den fiskeinteresserte.

Laurdagskvelden

Me har ikkje heilt bestemt kva me skal då, men følg med på www.fjellørret.no så kjem det etter kvart.

I tillegg vil Jarle Gjerde presenterer Islandske superfluger for aure og laks.

